

110 ¹ Tone : Far verden farvel

Mor norrig ho graat
Ho likar kje borni dei gale fær aat
Da viser seg so at ho *sutefuld* er
Paa botnen i hjarta da brenner aa skjær
Ho ser inkje kjærleik da er no so kalt
I tilvære alt ,:;

Til framande land
Fer unge aa gamle kvinna aa mann.
Kan henda mor norrig ulikleg for aat
So sjølv ho er skuld i sin harme aa graat.
For mange som hausta for faare so saar
Paa arbeide gaar ,:;

De raa til aa sjaa
Kvar maten aa drikka aa pengar vert taa.
Tenk alla tusind til herrebord ga
Da besta i matskaape dei skulla ha
Men aller da granne paa sjo eller land
Tek arbei i hand ,:;

Eg undrar meg paa
Kva husbonder meiner um norrig hev raa
Aa tapa det folkje so no dragar ut
Eg meina det skapar baa sakna aa sut
De frukti for da ein uvisleg hev stelt
Aa skipa, hev feilt ,:;

Eg tenkjer sovist
At husbonden *studsar* han hev *fare mist*
Han ser resultate av *misbytte* no
For elskjen aa *trevnaden* vil inkje gro.
So sandt vil han finna at skuldi kjem paa
Dei herrar so raa ,:;

De pinleg aa kalt
For dei som no skipa baa *logbad* aa alt
For dei so skal ordna ei arbeidar løn
Aa maa være med uti døming aa skym
For dei som skal likna aa skriva ut skatt.
Som burt i ei natt. ,:;

Eg er kje for dryg
Naar sanning eg segjer aa inkje eg lyg.
Den lina aa veg so dei styrande gjeng
Vil draga vort folk nedi armood aa trengd,
So arbeidsfolk argast aa herifraa dra
Kva under er da.

Naat alt da ein faar
Aa slæpar ihopa til storleikjen gaar.
So vesalr ein offrar til smaafolkets vel
Ser jamleg so ur at ein er likasæl
Dei gamle dei suke dei fatike smaa
Ein hugsar kje paa

Ja er da kje fælt
Korleis no dei styrande hava seg stelt
Ei glimande ?? uhorveleg løn
Ei silkjeclædt kjæring ein potteblom grøn
Vort land utan skuld aa enda til rikt
Var inkje slikt

Naar alt kjem til alt
So er da sø frøse so isleg aa kalt.
Naar smaafolkje sjaa kor dei drikka aa et
Dei herra so uppe ved storenden set
Aa ser ein paa vyrdna, dugna aa gjerd
Da lite er værd

Folk streikar aa stri
For rett aa for sanning aa koma forbi
Den urett at arbeidsfolk lida skal naud
Aa dovningar sløsar med klæde aa braud
Slikt tjenar til uhug, armood aa skam
For heila vort land.

Nei ingjen so gret
Naar braude vart delt med rettfær aa vet
Aa du korleis hujen vil veksa seg fram
Til storslege arbeid paa sjo aa paa land
Naar arbeidsfolk saag at dei løna med vit
Alt arbeid aa slit.